

Foreldreinfo august 2021



Ny leiar for FAU er Marlen Allen. Øvrige klassekontaktar finn de også på nettsida. Me legg med oversikten her:

1	Gustav Kjølberg
2A	Gunnhild Fuglestad
2B	Siri Gystøl Bue
3	Guro B. Versland
4	Lilly Versland
5	Vibeke Spødervoll Bringsdal
6	Marlen Allen
7	Oddrunn Veen
9A	Linn Kydland
9B	Gunnar Hågbo
10A	Borghild H. Gjedrem
10B	Brigt Slettebø

8.trinn vel representantar på tidleg foreldremøte. Første FAU-møte blir 08.09.21 kl 19.30

BlimE-dans

Vikeså skule deltek i BlimE-dansen i år som tidlegare år. Kjekt om elevane vil øva på dansen også heime. De finn instruksjonsvideo [her](#).



Trygt og godt skolemiljø

Opplæringslova kap. 9A regulerer rettar og pliktar i forhold til skolemiljø. Elevane skal ha det fysisk trygt og godt, og oppleva trivsel og tryggleik i lag med kvarandre.

Når me er mange menneske saman er me sånn laga at kranglar, konfliktar og krenkande åtferd kan skje. Å stå i motgang kan vera med på å gjer oss sterkare, men ingen skal oppleva å stå åleine dersom dei treng hjelp til å handtera åtferd frå andre. Me ber om at de tek kontakt med skulen raskt dersom de opplever at barnet dykkar treng hjelp i slike saker. Les meir om rettar og plikter knytt til skolemiljøet [her](#) eller ved å trykka på biletet:



In a world
Where you can
Be anything
Be kind

Velkomne tilbake etter sommarferie! Alle elevane har fått utdelt lue og hals med logoen til skulen. Me håper dei vil visa godt att i desse 😊

Me vil i år som i fjor oppfordra dykk til å ta kontakt med skulen raskt om det er noko de lurer på eller reagerer på, slik at me får ordna opp så raskt som mogleg. Elevane skal ha det godt på skulen, og me er avhengige av eit godt samspel med dykk heime for å laga trygge gode klassemiljø for den enkelte. Derfor set me alltid pris på når de tek kontakt. Kontaktlærarlista ligg på heimesida, der finn de og oversikt over andre tilsette med kontaktinfo.

Det er mykje spanande på blokka også for dette skuleåret! Skulerevy for ungdomsskulen, temadager og -veker, turar og leirskule for å nevne noko. Me ønsker kvarandre eit godt og innhaldsrikt skuleår der røter og venger skal styrkast!

Mvh

Svanhild Gjedrem
rektor

Nytt tilbod frå helsestasjonen

I haust startar helsestasjonen opp med samtalegrupper for born som har opplevd samlivsbrot eller av annan grunn har føresette i to heimar. Kontakt helsestasjonen for meir informasjon om dette er aktuelt for ditt born.

Innsamlingsaksjonen

2021



I vår gjennomførte skulen ei innsamling til Hei Verden. Midlene går til båtskular og undervisningsmateriell til born i Bangladesh. Den endelege summen vart 176 196 kr – det beste resultatet nokonsinne på Vikeså skule. Tusen takk for alle bidrag!